

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 750/2005**2008/EØS/38/48****av 18. mai 2005****om standarden for land- og territoriekodar i statistikk over handelen mellom Fellesskapet og tredjestatar og handelen mellom medlemsstatane^(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 1172/95 av 22. mai
1995 om statistikk over Fellesskapets og medlemsstatenes
varehandel med tredjestatar ⁽¹⁾, særleg artikkel 9, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Den versjonen som gjeld frå 1. januar 2004, er fastsett ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2081/2003 av 27. november 2003 om standarden for land- og territoriekodar i statistikk over handelen mellom Fellesskapet og tredjestatar og handelen mellom medlemsstatane²⁾.
- 2) Den alfabetiske kodinga av land og territorium byggjer på den gjeldande ISO alfa-2-standard i den grad det er samsvar mellom denne og krava i regelverket til Fellesskapet.
- 3) Serbia, Montenegro og Kosovo må førast opp kvar for seg (slik det er fastlagt i resolusjon 1244 av 10. juni 1999 frå Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane) når det gjeld forvaltninga av avtaler om handel med tekstilprodukt som er gjorde mellom Det europeiske fellesskapet og nokre av desse territoria. Dei vilkåra som er fastsette i dei relevante fellesskapsføresegnene, om at det skal opplysast om opphavet til varene ved handel med tredjestatar, inneber dessutan at det må innførast ein særskild kode som viser at varer har opphav i Fellesskapet.

- 4) Det bør difor utarbeidast ein ny versjon av denne standarden som tek omsyn til desse nye tilhøva og til endringar i samband med visse kodar.
- 5) Det er ønskjeleg å fastsetje ein overgangsperiode, slik at visse medlemsstatar kan tilpasse seg endringane i fellesskapsreglane med omsyn til at dei numeriske kodane ikkje lenger skal nyttast. Med sikte på forenkling bør overgangsperioden ta slutt når føresegnene om revisjon av Einskapsdokumentet tek til å gjelde.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for statistikk over varehandelen med tredjestatar —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Den versjonen av standarden for land- og territoriekodar i statistikk over handelen mellom Fellesskapet og tredjestatar og handelen mellom medlemsstatane som gjeld frå og med 1. juni 2005, er oppført i vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 1. juni 2005.

Medlemsstatane kan likevel nytte dei tresifra numeriske kodane som òg er oppførde i vedlegget til denne forordninga, inntil føresegnene om revisjon av vedlegg 37 og 38 til kommisjonsforordning (EØF) nr. 2454/93⁽³⁾ tek til å gjelde.

^(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 126 av 19.5.2005, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 155/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 27.

⁽¹⁾ TEF L 118 av 25.5.1995, s. 10. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEU L 313 av 28.11.2003, s. 11.

⁽³⁾ TEF L 253 av 11.10.1993, s. 1.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. mai 2005.

For Kommisjonen
Joaquín ALMUNIA
Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

**STANDARD FOR LAND- OG TERRITRIEKODAR I STATISTIKK OVER HANDELEN MELLOM
FELLESKAPET OG TREDJESTATAR OG STATISTIKK OVER HANDELEN MELLOM
MEDLEMSSTATANE**

(Versjon som gjeld frå og med 1. juni 2005)

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
AD	(043)	Andorra	
AE	(647)	Dei sameinte arabiske emirata	Abu Dhabi, Ajman, Dubai, Fujairah, Sharjah, Ras al-Khaimah og Umm al-Qaiwain
AF	(660)	Afghanistan	
AG	(459)	Antigua og Barbuda	
AI	(446)	Anguilla	
AL	(070)	Albania	
AM	(077)	Armenia	
AN	(478)	Dei nederlandske Antillane	Bonaire, Curaçao, Saba, Saint Eustatius og den sørlege delen av Saint Martin
AO	(330)	Angola	Medrekna Cabinda
AQ	(891)	Antarktis	Territoriet sør for 60° sørleg breidde; ikkje medrekna dei sørlege franske territoria (TF), Bouvetøya (BV), Sør-Georgia og dei sørlege Sandwichøyane (GS)
AR	(528)	Argentina	
AS	(830)	Amerikansk Samoa	
AT	(038)	Austerrike	
AU	(800)	Australia	
AW	(474)	Aruba	
AZ	(078)	Aserbajdsjan	
BA	(093)	Bosnia-Hercegovina	
BB	(469)	Barbados	
BD	(666)	Bangladesh	
BE	(017)	Belgia	
BF	(236)	Burkina Faso	
BG	(068)	Bulgaria	
BH	(640)	Bahrain	
BI	(328)	Burundi	
BJ	(284)	Benin	
BM	(413)	Bermuda	
BN	(703)	Brunei Darussalam	Ofte kalla Brunei
BO	(516)	Bolivia	
BR	(508)	Brasil	
BS	(453)	Bahamas	
BT	(675)	Bhutan	
BV	(892)	Bouvetøya	
BW	(391)	Botswana	

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
BY	(073)	Kviterussland	Ofte kalla Belarus
BZ	(421)	Belize	
CA	(404)	Canada	
CC	(833)	Kokosøyane (eller Keelingøyane)	
CD	(322)	Den demokratiske republikken Kongo	Tidlegare Zaire
CF	(306)	Den sentralafrikanske republikken	
CG	(318)	Kongo	
CH	(039)	Sveits	Medrekna det tyske territoriet Büsingen og den italienske kommunen Campione d'Italia
CI	(272)	Elfenbeinskysten	
CK	(837)	Cookøyane	
CL	(512)	Chile	
CM	(302)	Kamerun	
CN	(720)	Folkerepublikken Kina	Ofte kalla Kina
CO	(480)	Colombia	
CR	(436)	Costa Rica	
CU	(448)	Cuba	
CV	(247)	Kapp Verde	
CX	(834)	Christmasøya	
CY	(600)	Kypros	
CZ	(061)	Tsjekia	
DE	(004)	Tyskland	Medrekna øya Helgoland; ikkje medrekna territoriet Büsingen
DJ	(338)	Djibouti	
DK	(008)	Danmark	
DM	(460)	Dominica	
DO	(456)	Den dominikanske republikken	
DZ	(208)	Algerie	
EC	(500)	Ecuador	Medrekna Galapagosøyane
EE	(053)	Estland	
EG	(220)	Egypt	
ER	(336)	Eritrea	
ES	(011)	Spania	Medrekna Balearane og Kanariøyane; ikkje medrekna Ceuta og Melilla

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
ET	(334)	Etiopia	
FI	(032)	Finland	Medrekna Ålandsøyane
FJ	(815)	Fiji	
FK	(529)	Falklandsøyane	
FM	(823)	Mikronesiaføderasjonen	Chuuk, Kosrae, Pohnpei og Yap
FO	(041)	Færøyane	
FR	(001)	Frankrike	Medrekna Monaco og dei franske oversjøiske departementa (Guadeloupe, Fransk Guyana, Martinique og Réunion)
GA	(314)	Gabon	
GB	(006)	Det sameinte kongeriket	Storbritannia, Nord-Irland, dei britiske kanaløyane og øya Man
GD	(473)	Grenada	Medrekna dei sørlege Grenadinane
GE	(076)	Georgia	
GH	(276)	Ghana	
GI	(044)	Gibraltar	
GL	(406)	Grønland	
GM	(252)	Gambia	
GN	(260)	Guinea	
GQ	(310)	Ekvatorial-Guinea	
GR	(009)	Hellas	
GS	(893)	Sør-Georgia og dei sørlege Sandwichøyane	
GT	(416)	Guatemala	
GU	(831)	Guam	
GW	(257)	Guinea-Bissau	
GY	(488)	Guyana	
HK	(740)	Hongkong	Det særlege administrative området Hongkong i Folkerepublikken Kina
HM	(835)	Heardøya og McDonaldøyane	
HN	(424)	Honduras	Medrekna Swanøyane
HR	(092)	Kroatia	
HT	(452)	Haiti	
HU	(064)	Ungarn	
ID	(700)	Indonesia	
IE	(007)	Irland	
IL	(624)	Israel	
IN	(664)	India	

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
IO	(357)	Britisk territorium i Indiahavet	Øygruppa Chagos
IQ	(612)	Irak	
IR	(616)	Den islamske republikken Iran	
IS	(024)	Island	
IT	(005)	Italia	Medrekna Livigno; ikkje medrekna kommunen Campione d'Italia
JM	(464)	Jamaica	
JO	(628)	Jordan	
JP	(732)	Japan	
KE	(346)	Kenya	
KG	(083)	Republikken Kirgisistan	
KH	(696)	Kambodsja	
KI	(812)	Kiribati	
KM	(375)	Komorane	Anjouan, Grande Comore og Mohéli
KN	(449)	Saint Kitts og Nevis	
KP	(724)	Den demokratiske folkerepublikken Korea	Ofte kalla Nord-Korea
KR	(728)	Republikken Korea	Ofte kalla Sør-Korea
KW	(636)	Kuwait	
KY	(463)	Caymanøyane	
KZ	(079)	Kasakhstan	
LA	(684)	Den demokratiske folkerepublikken Laos	Ofte kalla Laos
LB	(604)	Libanon	
LC	(465)	Saint Lucia	
LI	(037)	Liechtenstein	
LK	(669)	Sri Lanka	
LR	(268)	Liberia	
LS	(395)	Lesotho	
LT	(055)	Litauen	
LU	(018)	Luxembourg	
LV	(054)	Latvia	
LY	(216)	Den libyske arabiske jamahiriya	Ofte kalla Libya
MA	(204)	Marokko	
MD	(074)	Republikken Moldova	
MG	(370)	Madagaskar	
MH	(824)	Marshalløyane	

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
MK ⁽¹⁾	(096)	Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia	
ML	(232)	Mali	
MM	(676)	Myanmar	Ofte kalla Burma
MN	(716)	Mongolia	
MO	(743)	Macau	Det særlege administrative området Macau i Folkerepublikken Kina
MP	(820)	Nord-Marianane	
MR	(228)	Mauritania	
MS	(470)	Montserrat	
MT	(046)	Malta	Medrekna Gozo og Comino
MU	(373)	Mauritius	Øya Mauritius, øya Rodrigues, Agalegaøyane og Cargados Carajos Shoals (Saint Brandonøyane)
MV	(667)	Maldivane	
MW	(386)	Malawi	
MX	(412)	Mexico	
MY	(701)	Malaysia	Malayahalvøya og Aust-Malaysia (Sarawak, Sabah og Labuan)
MZ	(366)	Mosambik	
NA	(389)	Namibia	
NC	(809)	Ny-Kaledonia	Medrekna Loyaltyøyane (Maré, Lifou og Ouvéa)
NE	(240)	Niger	
NF	(836)	Norfolkøya	
NG	(288)	Nigeria	
NI	(432)	Nicaragua	Medrekna Cornøyane
NL	(003)	Nederland	
NO	(028)	Noreg	Medrekna øygruppa Svalbard og øya Jan Mayen
NP	(672)	Nepal	
NR	(803)	Nauru	
NU	(838)	Niue	
NZ	(804)	New Zealand	Ikkje medrekna Ross-området (Antarktis)
OM	(649)	Oman	
PA	(442)	Panama	Medrekna den tidlegare Kanalsona
PE	(504)	Peru	
PF	(822)	Fransk Polynesia	Marquesasøyane, Selskapsøyane (medrekna Tahiti), Tuamotuøyane, Gambierøyane og Australøyane medrekna øya Clipperton

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
PG	(801)	Papua Ny-Guinea	Den austlege delen av Ny-Guinea; Bismarckarkipelet (medrekna Ny-Britannia, Ny-Irland, Lavongai og Admiralitetøyane); dei nordlege Salomonøyane (Bougainville og Buka); Trobriandøyane, Woodlarkøya, d'Entrecasteauxøyane og øygruppa Louisiade
PH	(708)	Filippinane	
PK	(662)	Pakistan	
PL	(060)	Polen	
PM	(408)	Saint Pierre og Miquelon	
PN	(813)	Pitcairn	Medrekna Ducieøyane, Hendersonøyane og Oenoøyane
PS	(625)	Det okkuperte palestinske området	Vestbreidda (medrekna Aust-Jerusalem) og Gazastripa
PT	(010)	Portugal	Medrekna Azorane og Madeira
PW	(825)	Palau	
PY	(520)	Paraguay	
QA	(644)	Qatar	
RO	(066)	Romania	
RU	(075)	Den russiske føderasjonen	Ofte kalla Russland
RW	(324)	Rwanda	
SA	(632)	Saudi-Arabia	
SB	(806)	Salomonøyane	
SC	(355)	Seychellane	Øyane Mahé, Praslin, La Digue, Frégate og Silhouette; Amiranteøyane (medrekna Desroches, Alphonse, Plate og Coëtivy); Farquharøyane (medrekna Providence); Aldabraøyane og Cosmoledoøyane
SD	(224)	Sudan	
SE	(030)	Sverige	
SG	(706)	Singapore	
SH	(329)	Saint Helena	Medrekna øya Ascension og øygruppa Tristan da Cunha
SI	(091)	Slovenia	
SK	(063)	Slovakia	
SL	(264)	Sierra Leone	
SM	(047)	San Marino	
SN	(248)	Senegal	
SO	(342)	Somalia	
SR	(492)	Surinam	
ST	(311)	São Tomé og Príncipe	
SV	(428)	El Salvador	
SY	(608)	Den arabiske republikken Syria	Ofte kalla Syria
SZ	(393)	Swaziland	

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
TC	(454)	Turks- og Caicosøyane	
TD	(244)	Tchad	
TF	(894)	Dei sørlege franske territoria	Omfattar Kerguelenøyane, Amsterdamøya, Saint Pauløya og Crozetøyane
TG	(280)	Togo	
TH	(680)	Thailand	
TJ	(082)	Tadsjikistan	
TK	(839)	Tokelauøyane	
TL	(626)	Aust-Timor	
TM	(080)	Turkmenistan	
TN	(212)	Tunisia	
TO	(817)	Tonga	
TR	(052)	Tyrkia	
TT	(472)	Trinidad og Tobago	
TV	(807)	Tuvalu	
TW	(736)	Taiwan	Det særskilte tollområdet Taiwan, Penghu, Kinmen og Matsu
TZ	(352)	Sambandsrepublikken Tanzania	Tanganyika, Zanzibar og Pemba
UA	(072)	Ukraina	
UG	(350)	Uganda	
UM	(832)	Mindre øyar fjernt frå Sambandsstatane	Omfattar øyane Baker, Howland og Jarvis, atollen Johnston, Kingmanrevet, Midwayøyane, øya Navassa, atollen Palmyra og øya Wake
US	(400)	Sambandsstatane	Medrekna Puerto Rico
UY	(524)	Uruguay	
UZ	(081)	Usbekistan	
VA	(045)	Pavestolen (Vatikanstaten)	
VC	(467)	Saint Vincent og Grenadinane	
VE	(484)	Venezuela	
VG	(468)	Dei britiske Jomfruøyane	
VI	(457)	Dei amerikanske Jomfruøyane	
VN	(690)	Vietnam	
VU	(816)	Vanuatu	
WF	(811)	Wallis og Futuna	Medrekna øya Alofi
WS	(819)	Samoa	Tidlegare Vest-Samoa
XC	(021)	Ceuta	

Kode		Nemning	Forklaring
Alfabetisk	Numerisk		
XK	(095)	Kosovo	Slik det er fastlagt i resolusjon 1244 av 10. juni 1999 frå Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane
XL	(023)	Melilla	Medrekna Peñón de Vélez de la Gomera, Peñón de Alhucemas og Chafarinasøyane
XM	(097)	Montenegro	
XS	(098)	Serbia	
YE	(653)	Jemen	Tidlegare Nord-Jemen og Sør-Jemen
YT	(377)	Mayotte	Grande-Terre og Pamandzi
ZA	(388)	Sør-Afrika	
ZM	(378)	Zambia	
ZW	(382)	Zimbabwe	

DIVERSE

EU	(999)	Det europeiske fellesskapet	Kode som ved handel med tredjestatar er sett av til å opplyse om opphavet til varer i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei relevante fellesskapsføresegnene. Koden skal ikkje nyttast til statistiske føremål.
QQ eller	(950)	Lager og proviant	Valfri posisjon
QR	(951)	Lager og proviant i samband med handelen innanfor Fellesskapet	Valfri posisjon
QS	(952)	Lager og proviant i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon
QU eller	(958)	Uspesifiserte land og territorium	Valfri posisjon
QV	(959)	Uspesifiserte land og territorium i samband med handelen innanfor Fellesskapet	Valfri posisjon
QW	(960)	Uspesifiserte land og territorium i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon
QX eller	(977)	Land og territorium som ikkje er spesifiserte av handelsmessige eller militære årsaker	Valfri posisjon
QY	(978)	Land og territorium som ikkje er spesifiserte av handelsmessige eller militære årsaker i samband med handelen innanfor Fellesskapet	Valfri posisjon
QZ	(979)	Land og territorium som ikkje er spesifiserte av handelsmessige eller militære årsaker i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon

(¹) Mellombels kode som ikkje vil ha innverknad på den endelege nemninga på landet, som vil verte fastlagt etter avslutninga av dei tingingane som no går føre seg innanfor ramma av Dei sameinte nasjonane.